

DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 03.03.24

ÅRSMØTE KJYRKJEBØ SOKNERÅD.

Som annonsert vart det søndag 03.03.24. etter gudstenesta, halde årsmøte i Kyrkjebø kyrkje.

Det var 12 frammøtte og alle fekk framlagd årsmelding og rekneskap for året 2023.

Leiar i soknerådet, Sturla Bell Fossen, vart vald til leiar for møtet.

Underteikna, Jens Ole Årdal, vart vald til skrivar og Finn Trædal og Erene Vigdal, vart vald til å skrive under på møteprotokollen.

Sakliste:

- 1) Årsmelding for 2023.
- 2) Rekneskap/budsjett for 2023.
- 3) Arbeidsprogram/årshjul for 2024.

Sak 1) årsmelding for 2023:

Møteleiar gjekk igjennom årsmeldinga for året 2023, punkt for punkt, slik den var utarbeidd til møtet.

Hovedpunkt leiar gjekk igjennom:

- Samansetning Kyrkjebø sokneråd.
- Representantar i Høyanger kyrkjelege fellelråd.
- Personalsituasjonen.
- Gudstenester/kyrkjelege handlingar.
- Økonomi.
- Barne og ungdomsarbeid.
- Viktige hendingar.

Etter gjennomgangen av årsmeldinga, vart det opna for å stille spørsmål og komme med merknader.

Det kom fram ei oppmoding om å komme med forslag til kulturarrangement som kan arrangerast og nokon forslag vart nemde std. konsertar/gospel, med kyrkjeleg innhald.

Sak 2) Rekneskap/budsjett for 2023:

Møteleiar gjekk igjennom rekneskap og budsjett for 2023, slik den var framlagd til årsmøtet. Det vart m.a. gjort ekstra greie for utgifter i samband innleige av godkjent firma til felling av store tre på kyrkjegarden, der det vil bli søkt fellelrådet om refusjon.

Det vart også gjort greie for midlar bisperådet hadde gjeve soknet i støtte, angående kyrkjevalet.

Det vart også gjort greie for ein liten differanse, som truleg har si årsak angående overlapping av kyrkjeveger, som avslutta/byrja teneste.

Etter gjennomgangen vart det opna for å stille spørsmål, eller komme med merknader, men ingen slike vart stilte.

Sak 3) Arbeidsprogram/årshjul for 2024.

Leiar gjorde greie for nokre punkt for årshjulet 2024:

- dugnad på kyrkjegarden.
- påskegudsteneste.
- folkemusikk gudsteneste.
- andre aktuelle kulturarrangement.

Kyrkjeteinar gjorde greie for at ein også for året 2024 hadde ynskje om å vidareføre tiltaket med "opa kyrkje".

Element i denne debatten var:

- bør vere lågterskeltilbod.
- bør innehalde ulike programinnslag.
- bør heile tida vere nokon tilstades.
- kan ein samarbeide med turistkontor/hotell o.l. for å trekke turistar?
- kan lokale spelegrupper ha innslag?


I tillegg vart det frå soknepresten orientert litt om ein ide som går på å arrangere eit lokalt arrangement i samband med 1000-årsjubileumet for innføringa av kristenretten til Noreg, f.eks. ein open verdidebatt.

Møtet varte i omlag 1time og det vart servert kaffi og kaker.

Referent:

Jens Ole Årdal
soknerådsmedlem.

Erene Vigdal



Finn Trædal

